



Ph.d i helse- og sosialfag,
Profesjonsutøving – vilkår og utvikling

Prøveforelesing og forsvar av doktorgradsavhandling

Doktorand: Elisabeth Busengdal

Fredag 24. november 10.15–15.00
Høgskulen i Volda

[Lenke til strømming](#)



HØGSKULEN I VOLDA



Høgskolen i Molde
Vitenskapelig høgskole i logistikk

Elisabeth Busengdal held prøveforelesing og forsvare avhandlinga si for doktorgraden i helse- og sosialfag: Profesjonsutøving – vilkår og utvikling. Ph.d.-studiet blir gitt av Høgskulen i Volda og Høgskolen i Molde i fellesskap. Disputasen er avsluttande del av doktorgradsstudiet.

Tittel

«Relasjonsbygging i kommunalt integreringsarbeid. Ein studie av implementering av integreringspolitikk og samarbeid på tvers av sektorar og styringsnivå»

Oppsummering

Studien er ein kvalitativ kassustudie av to norske kommunar med formål å studere samarbeid i implementering av politikk i det kommunale integreringsarbeidet. Avhandlinga undersøker ulike samarbeidsprosessar der kommunar set i verk integreringstiltak. Studien tolkar korleis dei arbeidde, kva som fremmar eller hemmar samarbeid, og kva som kjenneteiknar samarbeidsprosessane.

Funna i avhandlinga viser at det som kjenneteiknar samarbeidsprosessane, er at dei har hatt ei lik problemforståing i arbeidet med å finne løysingar. Det har ført til betre forankring for integreringsfeltet i leiing, politikk og administrasjon. Dette har gitt

integreringsfeltet større handlingskapasitet i kommuneorganisasjonen fordi fleire aktørar er involvert. Dei har nytta kommunen sitt plan- og styringssystem til å samle relevante aktørar, sette ein felles agenda og skape tilslutning for arbeidet med flyktningintegrering i kommunen. I tillegg indikerer funna at eldsjeler eller leiarar som har stort engasjement for fagfeltet, kan framstå som viktige for å sette ein felles agenda, opne dører og oppretthalde engasjementet for integreringsfeltet i kommuneorganisasjonen.

Bakgrunn

Bakgrunnen for doktorgradsarbeidet er at integreringsfeltet opplever store utfordringar med å etablere samarbeid om integreringstiltak på tvers av sektorar og styringsnivå i kommunane. Samtidig viser det seg at nettverksbygging og samarbeid mellom fleire aktørar og fagområde i kommunane er viktig for å forbetre tenester for flyktningar og kan gi betre introduksjonsprogram.

Dette gjer det interessant å studere slike samarbeidsprosessar og er bakgrunnen for doktorgradsarbeidet.

Kva betydning kan forskinga få?

Forskingsarbeidet gir meir innsikt i relasjonsbygging i kommunalt integreringsarbeid, kva som kjenneteiknar samarbeidsprosessar for å sette i verk integreringstiltak, og kva faktorar som kan fremme eller hemme slike samarbeid. Den kunnskapen denne forskinga gir, kan vere viktig for å etablere samarbeid og bygge relasjonar i utviklinga av tenester og tiltak for flyktingar.

Medlemmar av bedømmingskommisjonen

Torill Nyseth

Professor, Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet

Lasse Koefoed

Førsteamanuensis, Roskilde Universitet

Kjersti Straume

Førsteamanuensis, Høgskulen i Volda

Hovudrettleiar

Roar Amdam

Professor, Høgskulen i Volda

Medrettleiar

Anne Britt Djuve

Professor, Fafo / OsloMet – storbyuniversitetet



Elisabeth Busengdal (35) har mastergrad i samfunnsplanlegging og leiing frå Høgskulen i Volda (HVO) (2013–2015). Busengdal har også gjennomført Vestlandets forskarskule for pedagogikk- og utdanningsforskning (WNGER II) (2018–2022). Ho har Pedagogisk basiskompetanse frå HVO (2022) og bachelorgrad i Planlegging og administrasjon frå HVO (2010–2013) og har studert Equine Science ved Hölar University College på Island (2007–2009).

Program

10.15: Prøveforelesing

Tema for prøveforelesinga:

«Det omstridde og utfordrande integreringsomgrepet»

11.00: Pause

12.15: Disputas

Tittelen på avhandlinga er «Relasjonsbygging i kommunalt integreringsarbeid: Ein studie av implementering av integreringspolitikk og samarbeid på tvers av sektorar og styringsnivå».

- Prosesjon innmarsj (publikum reiser seg)
Dekan, doktorand, bedømmingskommisjon og leiar i doktorgradsutvalet
- Dekan introduserer doktorand og avhandlinga
- Doktoranden gjer greie for avhandlinga
- Førsteopponent eksaminerer doktoranden
- Kort pause – ca. 10 minutt
- Andreopponent eksaminerer doktoranden
- Opponentar ex auditorio
- Prosesjon utmarsj (publikum reiser seg)
Dekan, doktorand, bedømmingskommisjon og leiar i doktorgradsutvalet

Avhandlinga er tilgjengeleg for offentlig gjennomsyn frå og med 10. november på Studentsørvis og i biblioteket.

